

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/7179-5

Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule - prosjektplan

Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Prosjektplanen vert godkjend slik den ligg føre.
2. Kontrollutvalet forventar rapport innan 23. mai 2018

Vedlegg:

- Prosjektplan FR – Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 18. oktober 2016 plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 i FT-sak 41/2016.

Forvaltningsrevisjon av det første prosjektet i planen – Arkiv og offentlegheit – vedtok kontrollutvalet å bestille 22. november i fjor. Dette prosjektet vart ferdig i midten av mai 2017. Kontrollutvalet handsama rapporten 30 mai og vedtok ei tilråding til fylkestinget, som fylkestinget vedtok 13. juni.

Det andre prosjektet i planen – Oppfølgingstenesta inkl. helse- og miljøretta tiltak i skulen – vart bestemt utsatt inntil vidare.

Det tredje prosjektet «Innkjøp» vart bestilt 7. februar i KU-sak 4/17. Dette prosjektet var planlagt ferdigstilt til kontrollutvalsmøtet 26. september, men er forsinka på grunn av vanskar med å få innhenta nødvendig dokumentasjon innan fristane som var sett. Ny leveringsdato vart sett til veke 44, slik at kontrollutvalet skulle få handsama rapporten i møte 21. november. Det er ytterlegare forseinkingar i dette prosjektet, slik at det først blir ferdig i veke 48.

Musea i Sogn og Fjordane er 4. prosjekt i planen. Dette prosjektet vedtok kontrollutvalet å bestille 28. mars i KU-sak 14/2017. Prosjektet er planlagt ferdig 3. november for handsaming i kontrollutvalet 21. november. Revisor har meldt om forseinkingar i prosjektet på grunn av vanskar med å få gjennomført intervju i rett tid. Dette er grunngjeve med at det vart noko utskiftingar i styret i sommar.

Kontrollutvalet valde å prioritere prosjektet Karriererettleiing i vidaregåande skule (prosjekt nr. 8 i planen) då det var viktig å få gjennomført eit prosjekt innan opplæring mellom annan for å unngå for mange opplæringsprosjekt i slutten av perioden.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet mottok utkast til prosjektplan 20. oktober. Etter diskusjon med revisor om framdrifta av prosjektet mottok sekretariatet ein oppdatert prosjektplan tilsendt 3. november. Det er den oppdaterte prosjektplanen som er vedlagt saka.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er i prosjektplanen i samsvar med bestillinga. I planen for forvaltningsrevisjon det brukt karriererettleiing i vidaregåande skule som namn, men etter dialog med revisor har vi kome fram til at namnet på prosjektet bør vere utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule. Dette samsvarer med det som er brukt i lovverket.

Deloitte har operasjonalisert problemstillingane, og problemstillingane i bestillinga er attgjevne på ein oversiktleg og god måte i prosjektplanen. Revisor gjer også greie for dei revisjonskriteria problemstillingane i prosjektet vert målt opp mot.

Revisor gjer også greie for metodebruk i prosjektplanen der innsyn i ikkje offentleg informasjon frå stiftinga vil vere ein del av det totale informasjonstilfanget i samband med denne forvaltningsrevisjonen. I tillegg vil det bli gjennomført dokumentanalyse og intervju i samband med gjennomføringa.

Revisor har sett saman eit team som vil gjennomføre kontrollen, og prosjektet vil bli gjennomført innanfor ei ramme på 380 timar.

Revisor legg opp til å ferdigstille prosjektet innan 23. mai 2018.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen vurderer prosjektplanen frå Deloitte AS til å vere ein god plan for å få gjennomført denne forvaltningsrevisjonen i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet.

Kontrollsjefen rår til at forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesretteiing i vidaregåande skule vert gjennomført i samsvar med prosjektplanen.